

Sak 7 på årsmøtet 2015:

Vedtektsendring

I gjeldande vedtekter heiter det i § 5:

Selskapet sitt styre skal vera på 7 medlemmer og 7 personlege varamedlemmer. Styremedlemmene skal oppnevnt slik: 4 representantar vert oppnevnt av Hordaland fylkeskommune 1 representant vert oppnevnt av Bergen kommune 2 representantar vert oppnevnt av dei andre aksjonærane, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss kommune.

Forslag til endring:

Selskapet sitt styre skal ha 5 medlemmer med 5 personlege varamedlemer. Styremedlemmene skal oppnemnast slik: 3 representantar vert oppnemnt av Hordaland fylkeskommune, 2 representantar vert oppnemnt av dei andre aksjonærane, Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Sak 9 på årsmøtet 2015:

Godtgjersle til styret.

Styret har i dag slik møte-godtgjersle:

Styreleiar, fast årleg sum	kr. 50 000,-
Styremedlemer, pr. møte	kr. 1 500,-
Møtande varamedlemer, pr. møte	kr. 1 500,-

Reiserekning og tapt arbeidsløn vert godtgjordt etter fylkeskommunen sine satsar.

Desse satsane har vore uendra sidan 2004.

Forslag til ny møtegodtgjersle:

Styreleiar, fast årleg sum	kr. 50 000,-
Styremedlemer, pr. møte	kr. 2 000,-
Møtande varamedlemer, pr. møte	kr. 2 000,-

Reiserekningar og tapt arbeidsforteneste vert godtgjort etter fylkeskommunen sine satsar.